



MELDING

om

FISKEBIOLOGISKE GRANSKINGAR

i

ROGALAND

1970

Navnet på vatnet Vatnalandsvatnet

Kommune Bokn

Feltarbeidet, vidare arbeid med materialet og skriving av meldinga er utført av Rogaland Skogselskap v/ E. Berg, etter retningsliner og i nært samarbeid med Konsulenten for ferskvannsfiske i Vest-Norge, herr Øyvind Vasshaug.

V A T N A L A N D S V A T N E T.

Fiskeanalysen vart foreteken den 26. okt. 1970.

Vatnet ligg i Bokn kommune og grensar i nord for ein del mot vegen til Hognaland og i vest mot vegen til Laupland, som og kryssar vatnet i sere delen. Ein vil såleis nærast få 2 vatn, men fisken kan ferdast fritt mellom desse, og ein må sjå begge vatna i samanheng.

Det samla arealet er ca. 55 ha. og h.o.h. er 4 m.

Stranda består for ein del av stein og dyrka mark. Grunnfjellet går fleire stader like til vatnet.

Gjørmebotn dominerar på djupet, men noko stein og grus sume stader nærare land.

Vegetasjon og nedslagsfelt.

Her veks takrør, nøkkeroser, flotgras, brasmegras, algevegetasjon m.v. frå stranda og ut mot djupet.

Nedslagsfeltet femner om dyrka mark, kulturbeiter, snaumark og noko myr. Ein del lauvskog og noko kulturskog vil ein finna i nedslagsfeltet. I sør-aust er meir grunnlendt og her veks der mykje røsleng.

Tilsiga kjem frå 4 litt større bekketilsig og avlaupet renn ut i Lauplandsvågen.

Dei kjemiske tilheva.

Siktedjupet er 5.0 m og fargen på vatnet brunleg-gul som indikerar påverknad av humus.

Surheita pH er målt til 6.8 som reknast å vera nærast ideelt for aure.

Innhaldet av kalk (CaCO_3) er 8.0 mg/l og den totale hardheita er 18.6 mg/l. Dette må seiast å vera mykje bra i høve til mange andre analyserte vatn.

Leiingsemna $K_{18} = 89.9 \times 10^{-6} \text{ohm}^{-1} \text{cm}^{-1}$.

Gjennomstrøyminga er normalt liten.

Faunaen i vatnet.

Det vart teke botnprøver på 2.0 og 5.0 m djup og ein kom til fylgjande resultat:

På 2.0 m vart det funne 221 fjærmygglarver, 136 muslingar,

4 iglar og 5 vårfluelarver - i alt 3 660 individ pr. m².

5.0 meteren gav som resultat 94 fjærmygglarver, 23 muslingar, 3 vårfluelarver, 1 vannmidd, 1 døgnfluelarve og 1 fåbørstemark, tilsaman 1 230 individ pr. m².

Samla resultat syner etter dette at der er rikt med næringsdyr i vatnet. Nå må det her tilføyast, at prøvene vart tekne utfor tilsiga frå dyrka mark, så dei er neppe representative for heile vatnet. Der er grunn til å tru at faunaen på sørsida ville ha vore noko mindre, men at det er eit næringsrikt vatn vi her har med å gjera, det er der ingen tvil om.

For å få greie på kva fisken eigentleg ernærte seg av på det tidspunkt analysen vart foreteken, tok vi mageprøver av 2 fiskar og her vart det funne vårfluelarver, fjærmygglarver, sneglar og muslingar.

Planktonprøver.

Det vart teke både horisontale og vertikale planktontrekk, med planktonhov, og ein kom til fylgjande resultat:


Begge prøvene var relativt rike og der plankton av ymse slag var å finna.

Fisk m.v.


Fylgjande fiskeslag vil ein finna i vatnet: Sjøaure, ferskvassaure, stingsild og ål.

Det vart sett ut 7 garn av ymse maskestorleik og resultatet etter 1 fangstnatt vart 79 aurar.

Fordeler vi fangsten på omfara vil ei grafisk framsyning sjå ut som synt nedanfor.



Fordeler vi fangsten på cm-klassar får vi denne grafiske fram-
syninga.



Det vart teke prøver av 35 aurar og av desse var 10 stk. røde, 8 stk. lys-røde og 17 stk. kvite i kjøttet.

12 av fiskane var hanfiskar og 23 hofiskar, ei noko skeiv kjønnsfordeling utan at dette treng å bety noko.

3 stk. av fiskane var svakt angripne av parasittar.

Medel fyllingsgrad 2,5 - 20 fiskar var tome i magesekken.

Ser vi på medellengda og den årlege lengdetilveksten av prøvefiskane vil dette gå fram av oppstillinga nedanfor.


Alder ved vinter

	1år	2år	3år	4år	5år	6år	7år
Medellengd i cm	5,6	10,2	16,4	22,6	27,7	30,4	31,8
Årleg lengdetilv. cm	5,6	4,6	6,2	8,2	5,2	2,7	3,7
Antall fiskar	33	33	33	33	25	13	5

2 stk. av prøvefiskane hadde ubrukande skjell for aldersavlesing.

Medel kondisjonsfaktor = 1,13 tilseier fisk av mykje god kvalitet. Då ein stor del av prøvefiskane våre var nær gyttestadiet, må ein anta at kondisjonsfaktoren ville ha vore noko lågare om prøven hadde vore teken tidlegare på sumaren, men at fisken også då ville ha vore av god kvalitet er der ingen tvil om.

På neste side har vi sett opp ein vekstkurve for fisken i Vatnalandsvatnet og samanlikna med normalkurven for Vestlandet (5 cm pr. år).



Som vi her vil sjå, syner fisken i Vatnalandsvatnet ein mykje god lengdetilvekst og ligg over normalkurven like til 6 år alder. Fisker går mot ei maksimallengd på ca. 35 cm. Der vil nok finnast ein del fisk som er vesentleg større enn dette, men der vil neppe vera særleg mange av desse.

Ein stor del av prøvafiskane våre såg ut til å vera sjøaure og dette gir seg og utslag på vekstkurven. Desse fiskane har ved 3 års alder gått ut i sjøen og det oppsvinget kurven gjer ved denne alder skriv seg nok herfrå, då næringsforrådet i sjøen alltid vil vera stort og gi god vekst.

Konklusjon.

Ut frå dei foretekne prøvene må vatnet karakteriserast som næringsrikt og der tilhøva ligg vel til rette for fiskeproduksjon.

Botnprøvene våre var uvanleg rike og vasskvaliteten er god. Omfarfordelinga, saman med cm-klasse inndelinga, fortel om eit fiskebestand med god difrensiering der fisk av mange årgangar og storleikar er å finna.

Når tilhøva er så gode i dette vatnet kjem det av fleire ting. Nedslagsfeltet består mykje av dyrka mark, kulturbeiter m.v. slik at tilsiga herfrå vil føre verdfulle næringsstoff med seg og som vil koma vatnet til gode. Dette gir seg utslag i ein frodig vegetasjon i og omkring vatnet og gir gode vilkår for alger og anna plankton som er sjøve næringsgrunnlaget i eit vatn.

Den fisinga som har vorte foreteken ned gjennom åra har og gjort sitt til å halde fiskebestanden i sjakk.

Gytetilhøva er gode både i tilsiga og i avlaupet, så rekruteringa vil vera sikra.

Det som gjer Vatnalandsvatnet til noko utanom det vanlege, og til eit særst verdfullt sportsfiskevatn, er at sjøauren går opp her. Dette er eit mykje ettertrakta fiskeslag, såvel av sportsfiskarar som andre, så alt må gjerast for å leggja tilhøva best mogeleg til rette for sjøauren. Vi skal og hugse på, at sjøauren skattar næringsforrådet i vatnet lite, då denne for ein stor del ernærer seg ute i sjøen, og vender som regel tilbake til si barndomself for å gyte. Sjøauren ferdast ikkje så mykje i sjøen, og den gyt som regel fleire gonger.

Men toppen på kransekaka er nå liksom laksen, så vi er freista til å foreslå at der vert utsett noko laksyngel om dette er av interesse. Det vil nok vera ei oppleving for mang ein fiskeentusiast når laksen går opp i Vatnalandsvatnet.

Elles ser det ut til å vera bra samsvar mellom næringsforråd og fiskebestand, men det er truleg at produksjonsemna ikkje er fullt utnytta og at vatnet ville kunne tåle eit noko større fiskebestand, utan at dette ville gå utover kvaliteten.

Praktiske tiltak.

Det første som må gjerast er å skipe til eit grunneigarlag, då eit Lag alltid vil stå sterkara enn den einskilte grunneigaren om eit eller anna skulle stå på.

For å betre gytetilhøva noko, må utlaupa av tilsigsbekkene reinskast opp, slik at fisken lettare kan gå opp i desse. Den jordvollen som det ofte har lett for å leggja seg utanfor bekkeosane må for ein del takast bort og fisken må få fred og ro på gytebekkene.

Etter alt å døma skulle ein kunna få laksen til å gå opp i Vatnalandsvatnet, så om grunneigarene er interessert i dette, kan der kjøpast inn ca. 3 000 laksyngel som då blir å setje ut pr, år over ein 3-års bolk.

Tiltak utover dette kjem førebels ikkje på tale.

For å få størst mogeleg økonomisk utbytte av vatnet, må ein gå i gang med sal av fiskekort til sportsfiskarar og slik at grunneigarane åleine disponerer garnfisket.

Grunneigarlaget må ha ein båt eller to for utleige til sportsfiskarar og om mogeleg anleggja ein teltplass e.l. der folk kan slå seg til nokre dagar.

Det er grunn til å tru at Vatnalandsvatnet vil bli eit mykje ettertrakta sportsfiskevatn når det blir kunngjort, så grunneigarlaget må prøve å leggja tilhøva til rette for dei mange fiskarar som sikkert vil ta turen nettopp til dette vatnet.

Stavanger 29/3 1971.

Einar Berg.